



Statens vegvesen

Notat

Til: Kaisa Banne Tonheim
Frå: Inge Alsaker
Kopi: Sindre Blindheim, Olav Ellevset, Børge Bang.

Sakshandsamar/innvalsnr:
Inge Alsaker +47 55516371
Vår dato: 15.05.2014
Vår referanse:

Ang. CO₂-utslepp frå "Ferjefri E39"

Våren 2013 beslutta «Ferjefri-E39»-prosjektet at det skulle startast opp eit prosjekt under «Delprosjekt Samfunn» (som undersøker samfunnsøkonomiske effektar av «Ferjefri E39») som skulle greie ut endring i klimagassutslepp som følgje av prosjektet. Prosjektet vart starta opp før sommaren 2013 og målet er å levere ein rapport til 1.7. 2014. Prosjektplanen er lagt ved.

«Ferjefri E39» fører ikkje berre med seg ein auke i trafikken på E39; - den fører til ei omfattande omfordeling av transportmønsteret på Vestlandet innan både person- og godstrafikk. Det er ei *svært* utfordrande oppgåve å gje ein påliteleg analyse av ei slik omfordeling, ikkje minst av di størstedelen av aktørane (fly, ekspressbuss, hurtigbåt, godstrafikk) er private aktørar der marknadskreftene er sterkaste premissgjevar. Utgreiinga vil måtte haldast på eit relativt overordna og summarisk nivå, men skal likevel kunne gje eit godt bilete av konsekvensane på utslepp av klimagassar av ei slik utbygging.

Som prosjektplanen syner har vi brôte prosjektet ned i deltema som vert behandla kvar for seg. Døme på slike deltema er:

- Utslepp frå byggeverksemd ved etablering av «Ferjefri E39»
- Utslepp frå biltrafikk
- Endra utslepp frå ferje
- Endra utslepp frå fly
- Etc. etc.

Det er ulik status i dag på kor mykje som er gjort på dei enkelte deltemaene.

For deltemaet som går på utslepp frå biltrafikk, nyttar vi to berekningsmåtar:

1. Det er køyrt ein transportmodell (RTM/NTM) for å berekne framtidig trafikk med og utan etablering av «Ferjefri E39». Resultata frå desse berekningane vert lagt inn i berekningsprogrammet EFFEKT, som bereknar utslepp for begge alternativa. Berekningane vil verte gjennomførde for ein periode på 40 år.
2. Strekninga Kristiansand – Trondheim langs E39 er ein utypisk hovedvegstreking med til dels svært dårleg standard på somme delstrekningar. Dette gjer at vi har behov

for å kvalitetssikre EFFEKT-berekingane. Vi har køyrt heile strekninga med to målebilar (personbil og 50 tonns trailer) for å få reelt drivstoff-forbruksprofil på ein slik trasé. Resultata skal så nyttast inn i ein standardisert køyretøyflåte for å få totalt drivstoff-forbruk på eksisterande veg. Vidare konstruerer vi linja for ny veg som input til berekingar med same køyretøyflåte på ny veg. Det er SINTEF som utfører denne delen av prosjektet for oss, og det er dette som er omtalt i prosjektrapporten med leveranse 31. oktober 2013.

Leveransen er av ulike årsaker forseinka, m.a. på grunn av omdefinering og utviding av oppdraget, men vi forventar ein delrapport i løpet av mai. Denne inneheld berre delar av oppdraget, og vil verte offentleg saman med dei øvrige delbidraga i klimaprojektet, slik at alt kan verte vurdert i ein samanhang.

Arbeidet som vert gjort av SINTEF er eit metodeutviklingsarbeid som vi vil kunne nytte inn i bereking av drivstoff-forbruk i andre samanhengar.

I forhold til oppstilling i prosjektplanen, er status på framdrift i dei ulike deltemaene pr. dato:

- *Beregning av utslipp av klimagasser og energibruk ved hjelp av klimadelen i EFFEKT (Dette gjev resultat for utslepp både frå trafikk, bygging, drift og vedlikehald):*
Transportmodellkøytingane er gjort. Arbeid med køyting av EFFEKT pågår.
- *Praktiske målinger av energiforbruk/utslipp.*
Køytingar med testkøyretøy er utført. Modell for dataene er etablert og testa. Etablering av digitalisert veglinje for ny E39 er starta opp, men ikkje ferdig. Kalibrering til køyretøyflåte og totale berekingar gjenstår.
- *Beregning av endret energiforbruk/utslipp for alternative transportformer.*
Rapport om muleg endra trafikkmønster fly/hurtigbåt som funksjon av etablering av «Ferjefri E39» er levert (Møreforskning).
Fly: Det er gjort antakingar om endra flytrafikk og berekna endra utslepp
Ferje: Det er berekna endra utslepp frå ferje.
Hurtigbåt: Det er gjort antakingar om endra hurtigbåttrafikk, men endra utslepp er ikkje berekna.
- *Beregning av utslipp i forbindelse med bygging og drifting av infrastruktur.*
Dette vert gjort gjennom EFFEKT. I tillegg ønska ein å gjennomføre ein alternativ bereking basert på faktisk ny digitalisert veglinje. Arbeidet er ikkje starta opp, og det er usikkert om vi har kapasitet til å gjennomføre dette.
- *Utarbeiding av sluttrapport.*
Mal for sluttrapport er laga og arbeidet med sluttrapporten er starta opp.